

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 11.07.16

Vår ref. 728/16/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref. 15/3983-16/13064

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

E-mail

LINDÅS – FRAMLEGG TIL PLANSTRATEGI OG PLANPROGRAM FOR SAMFUNNSDELEN.

Viser til dykkar brev av 20.05.16 vedkomande ovannemnde sak.

Ein planstrategi for kommunen er å finne ut kva planar som skal reviderast/lagast i perioden. Fiskarlaget Vest har ikkje noko innspel direkte i høve kva planar som skal vurderast, men det er ulike kommunale planar som kan ha påverknad på fiskeriinteressene i vid forstand. Planlegging av land- og sjøområda heng òg tett saman.

Ein har her tatt både planstrategi og planprogram for samfunnsdelen med i høyringa.

Når det gjeld 11 Arealdelen (side 20) står det at «Det er vurdert at ein ikkje treng å ta ein full revisjon av arealdelen, men at det er særskilte tema som må verta vurdert på nytt...»

Dei tema som vert prioriter vert valt ut frå følgjande prioritering:

- Område der ein har hatt særlege utfordringar i gjeldande plan (t.d. LNF)
- område der ein vil leggja til rette for prioriteringar ein har gjort i samfunnsdelen (t.d. næring)
- område der ytre føresentader har endra seg (t.d. teknologisk utvikling på anlegg til akvakultur)



Mellombels vurdering av aktuelle tema:

1. **Bruk og vern av sjø og vassdrag, med mellom anna strandsone**
 - a) Område til akvakultur. Endring i konstruksjon og storleik på anlegga gjer at det er trond for monaleg større areal til kvar lokalitet enn kva som ligg inne i gjeldande plan.
 - b) Friluftsområder. Oppfølging av prosjektet kartlegging og verdsetjing av friluftsområder.
2. **LNF-områda**
 - a) Føremål å redusera tal «unødvendige» dispensasjoner (føresegner jf. Lindåsosane planen)
 - b) Spreidd føremål til bustad, næring og fritidsbustader/naust i område utanfor Knarvik-Alversund. Føremålet er å leggja til rette for å oppretthalda busetnaden i dei einkilde bygdene.
3. **Næringsareal (Bygningar og anlegg)**
 - a) Nok areal?
 - b) Rett lokalisering?
 - c) Identifisera evt. Rekkjefølgjekrav som hindrar gjennomføring.
4. **Offentleg areal (Bygningar og anlegg)**
 - a) Oppdatera i høve arealtrong identifisert gjennom fagplanar eller samfunnsdel.
5. **Bustadar**
 - a) Vurdera å ta ut område som har lagt inne i fleire planperiodar utan å verta bygd ut. Desse kan erstattast av nye område i same krins.

...Arbeidet med revisjon av arealdelen vil starte i 2017.»

Sjøvern er like viktig som jordvern.

Ein føreset at Fiskarlaget Vest/Nordhordland Fiskarlag blir tatt med i prosessen vedkomande revisjon av arealdelen frå starten av.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så tar ein bit for bit frå fiskeriinteressene.

Når det gjeld punkt 1 a) må det kome fram på kartet kva område som verkeleg blir beslaglagt, dvs. inklusiv fortøyingsområde.

Fiskarlagt Vest er skeptiske til plassering av akvakulturområde i nærleiken av reketrålfelt. Ein kan ikkje godta fortøyng ut i reketrålfelt, for det er felt som ikkje kan flyttast. I tillegg er ein skaptisk til bruken av kjemiske avlusningsmiddel. jf. rapport frå Havforskningsinstituttet om saka i januar 2013.

IRIS i Stavanger har òg gjort nokon forsøk i høve bruk av ein skilde avlusingsmiddel i høve reke, jf. link: <http://www.nrk.no/nordland/bekymret-for-legemidler-i-oppdrett-1.11931728>. Det kan òg ha konsekvensar for andre skaldyr.

Ein nytta òg andre avlusingsmiddel, som ein gjerne ikkje kjenner konsekvensane av for det marine livet. I den samanhengen kan nemnast at ein har funne ut at kobbar (som er brukt på mèrdane) ikkje går saman med avlusingsmetoden ved bruk av hydrogenperoksid, jf.

<http://kyst.no/nyheter/kobber-og-hydrogenperoksid-gar-ikke-godt-sammen/#.VyECUf8T9B0.gmail>

I høve miljø må ein òg ta med at mèrdane no blir spylt reine på lokaliteten, og den forureininga det utgjer.

Fiskeridirektoratet ivaretar sterke regionale og nasjonale fiskeriinteresser i planprosessar. Ein vil gjere merksam på at kommunen har spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i slike samanhengar.

Ein vil òg samstundes minne om at framtidige generasjonar òg må ha mogelegheit til å utnytte strandsona.

Ein vil gjere merksam på at kysten utgjer sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring. Våre viktigaste gyteområde, oppvekstområde og fiskeområde ligg her. Sjømatnæringa og Regjeringa har ein felles visjon om at Norge skal bli «verdens fremste sjømatnasjon». For å oppnå dette er ein heilt avhengig av et godt havmiljø med reine og produktive sjøområde, noko som er avgjerande for kvalitet, mattryggleik, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. I tillegg er ein avhengig av eigna areal å fiske på.

På bakgrunn av ovannemnde forutset ein at kommunen ivaretar fiskeriinteressene både på sjø og land, dvs. m.a. fiskeområde, naustareal, mottak av fisk, leverandørar og andre som har tilknyting til fiskeri i ulike plansamanhangar.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebø

Britt Sæle Instebø

Kopi; Nordhordland Fiskarlag
Fylkesmannen i Hordaland